

Oslo, 23.07.2019

PRESSEMELDING: hovudopptaket til høgare utdanning 2019

Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning ved Samordna opptak (SO) sender i hovudopptaket for 2019 ut 99 319 tilbod om studieplass. Dette er 1 042 fleire tilbod enn i 2018, ein auke på 1,1 %. Av 137 277 søkjarar, er 121 018 kvalifisert for minst eitt studium. Det er ein nedgang på 3 916 søkjarar (-3,1 %) frå 2018. Av dei kvalifiserte søkjarane har 82,1 % fått tilbod om studieplass. Til samanlikning var prosentdelen i 2018 på 78,7 %.

Blant dei som får tilbod om studieplass, får 57 482 (57,9 %) tilbod på sitt høgaste prioriterte studieønske. Dette er ei endring frå talet i 2018, der tilsvarande tal var 56 453 (57,4 %). Ved årets hovudopptak blir 39 845 av totalt 99 319 tilbod gitt til menn, mens 59 474 tilbod blir gitt til kvinner. Dette gir ein kvinnedel på 59,9 %, - mot 59,2% i 2018.

86,4 % av årets kvalifiserte søkjarar hadde elektroniske vitnemål lagra i Nasjonal vitnemålsdatabase (NVB). Dette gir grunnlag for automatisk kvalifisering og poengrekning av søknader og ei raskare og sikrare søknadshandsaming. Totalt tal på vitnemål importert i NVB per juli 2019 var 975 934.

- Å velje utdanning er ei av dei viktigaste hendingane i livet. Gjennom 25 år har Samordna opptak bidrege til å gjere det stadig enklare, raskare og sikrare å søkje studieplass. Utviklinga av Samordna opptak har skjedd i nært samarbeid med lærestadene. Resultatet av samarbeidet er eit vellykka døme på innovative og berekraftige digitale tenester til beste for både samfunnet og kvar enkelt søkjar, seier assisterande direktør i Unit, Sigurd Eriksson.

Endringar frå 2018

Det er størst prosentvis auke i tilbodet til informasjonsteknologi og informatikkfag (9,3%) og til land- og havbruksfag (7,0%). Det er sendt ut færre tilbod enn i fjor til realfag (-6,6%) og språkfag (-6,5 %). Tross relativ stor nedgang i tal på kvalifiserte søkjarar til helsefag er det sendt ut fleire tilbod enn i fjor (2,6%). I [faktanotatet](#) frå Samordna opptak finn du utfyllande statistikk frå hovudopptaket 2019.

Overbooking

Det blir sendt ut fleire tilbod enn det talet på studieplassar som er planlagt. Erfaring viser at mange takkar nei til studieplass eller møter ikkje opp ved studiestart. For å få fylt opp studieplassane er såkalla overbooking nødvendig på mange studium. I 2018 svarte 65,8 % av søkerane ja til det tilbodet dei hadde fått om studieplass. 57 % blei til slutt registrert som møtt. I år er det planlagt 58 741 studieplassar, 1 279 fleire enn i 2018. Overbooking i år er på 69,1% mot 69,5% i fjor.

Svar på tilbod i hovudopptaket

Søklarar som har fått tilbod om studieplass eller ventelisteplass, har frist til 24. juli med å svare på www.samordnaopptak.no. Viss søker ikkje har svart innan fristen, blir dette betrakta som nei-svar.

Ledige studieplassar

Oversikt over studium med ledige plassar blei lagt ut på nettsidene våre torsdag 19. juli klokka 09.00. Alle kan søkje på ledige studieplassar, uavhengig om dei har søkt tidligare i år. Søklarar må vere kvalifisert for å få tilbod om plass.

Kontaktinformasjon

Meir informasjon om søking til høgare utdanning får du ved å kontakte lærestadene eller Samordna opptak: www.samordnaopptak.no/info/kontakt/

Statistikk og faktnotatet for hovudopptaket 2019 blir publisert klokka 11.00 torsdag 23. juli på www.samordnaopptak.no/info/om/sokertall/sokertall-2019/index.html

Kontaktar for pressa:

Seniorrådgjevar Natasha Harkness tlf. 901 14 590

Seniorrådgjevar Geir Sverre Andersen tlf. 410 34 185

Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning leverer eit bredt spekter av tenester til forskning og høgare utdanning. Unit har ei sentral rolle i oppfølginga av regjeringas digitaliseringspolitikk. Hovudkontoret ligg i Teknobyen i Trondheim. Unit har avdelingskontor i Fridtjof Nansens gate i Oslo.

UNIT

DIREKTORATET
FOR IKT OG FELLESTJENESTER
I HØYERE UTDANNING
OG FORSKNING

Samordna
opptak 